

15.09.2015

Stadsutvikling på Voss– den nye Hangursbanen



1 BAKGRUNN - VOSS KNOTEPUNKT

«Voss stasjon skal opplevast som eit av dei mest funksjonelle og framtidsretta kollektivknutepunkt i Noreg» var visjonen då planarbeidet starta i 2011.

Voss kommune, Statens Vegvesen, Hordaland Fylkeskommune, Jernbaneverket, NSB og ROM Eiendom gjekk i 2010/11 saman om å utvikle området ved Voss Stasjon. Arbeidet med detaljreguleringa bygde på mogleighetsstudie utført i tida juni 2010 – mars 2011, der visjonen òg blei utforma.

«Føremålet med planarbeidet var å leggja til rette for optimal samordning mellom jernbanestasjon, buss-stasjon, drosjehaldeplass, parkeringsanlegg (for bil og sykkel) og gondolbane til Hanguren, med mest mogleg saumlaus overgang mellom dei ulike transportmidla (Knutepunktet, planskildring datert 2013-01-31).

Områdeplanen for Voss knutepunkt blei vedteken i 2013 og omfattar heile kollektivknutepunktet med alle funksjonar. Hovudmålet med planen var å gje føreseielegheit og visse om utviklinga av knutepunktet. Kollektivfunksjonane blei knytte saman med kommersiell utvikling av gondol, hotell, anna næringsverksemd og bustader. Dei omfattande planane for knutepunktet skulle setjast i samanheng med fortetting og utvikling av sentrum, og medverka til ei berekraftig utvikling av Voss.

15.09.2015

Det var behovet for auka kapasitet og betre løysingar for kollektivtrafikken på Voss stasjon som utløyste behovet for å sjå på ei heilskapleg utvikling av knutepunktet. Samstundes skulle E16 leggjast om slik at gjennomgangstrafikken som tidlegare gjekk gjennom Voss sentrum no går i Vangstunellen. Dette medførte behov for å innlemme vegen (den «gamle» delen av E16 om lag frå Fleischer`s til Park Hotell) som ein del av områdeplanen. Jernbaneløysinga var allereie i gang med ei storstilt oppgradering av infrastrukturen på stasjonen, og her blei det også bygd ny fotgjengarundergang som gjev tilgang til midtperrong og areala på nordsida av spora. Dette opna for å kunne tenke større og meir heilskapleg på utvikling av heile stasjonsområdet og knutepunktet.

Planprosessen har vore eit tett samarbeid mellom Voss kommune, Jernbaneløysinga, Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune, NSB og ROM Eiendom. I tillegg har Voss Resort inngått festeavtaler med ROM Eiendom for areala til gondol og hotell. Det har vore jobba i fasar frå moglegheitsstudien fram til vedteken områdereguleringsplan der alt har blitt fagleg drøfta i ei prosjektgruppe før det har blitt forankra i styringsgruppa.

Voss Resort AS blei invitert med i planarbeidet med ansvaret for gondol og hotell. Reguleringa av hotellet blei godkjent som del av områdereguleringsplanen. Detaljreguleringsplanen for gondol til Hanguren blei endeleg godkjent av Fylkesmannen (brev 24.08.2015, ref 2015/6652 421.4). I brevet står det m.a at...»Vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast, jf. fvl § 28 tredje ledd.»

Voss er ein viktig turistdestinasjon på Bergensbanen og har 600 000 reisande i året. I utviklinga av knutepunktet er det lagt stor vekt på å legge til rette for at dei reisande som kjem til Voss skal få ei positiv oppleving av staden, samstundes som det skal vera enkelt, trygt og logisk å finne fram mellom buss, tog, taxi og gondol. Terminalbygget får inngang på nedre plan med direkte inngang frå taxihaldeplass og bussterminal til tog og gondol. Tilgangen er gjort via gangkullvert og heis opp til perrong nivå og vidare til påstigning gondol. I terminalbygget blir det venterom, toalett, informasjonstavler og oppbevaringsmoglegheiter både for reisande med offentlege transportmiddel og for gondolen. Viktige samanhengar og aksar mellom stasjonsområdet og sentrum, kulturhuset og Fleischers Hotell er ivareteke gjennom planen.

2 PLANGRUNNLAG

Samarbeidet mellom dei offentlege aktørane og næringsaktørar omkring utvikling av knutepunktet på Voss blir trekt fram som eit døme på god knutepunktutvikling, ref. NHO sin årskonferansen 2015. Løysinga ein har kome fram til er unik i Nord-Europa og ber i seg eit regionalt vekstpotensiale som går ut over det ein vanlegvis oppnår rundt større samarbeidsprosjekt med mange deltakande interessar.

Voss kommune har på den eine sida vore ein aktiv deltakar i utviklingsprosjektet, og på den andre regulerande instans. Prosjektet har vore stort, intrikat og samansett noko som har gjort at arbeidet har krevd mange ulike utgreiingar som har teke tid. Både områdereguleringsplanen og detaljreguleringsplanen for gondol er på klaga til Fylkesmannen. I begge tilfelle har Fylkesmannen stadfesta vedtaka frå Voss kommune, seinast i brev av 24. august 2015, (ref. 2015/6652 421.4).

15.09.2015

Med Fylkesmannens endelege vedtak har Voss Knutepunkt nådd dei måla som blei sett for prosjektet og det fysiske arbeidet med utbygging av knutepunktet kan ta til i tråd med godkjente planar, herunder også bygging av den nye Hangursbanen.

Kommuneplanen 2011-2022:

Nyleg vedteken kommuneplan stadfester at Voss kommune har som mål å vera leiande i Skandinavia innan natur- og kulturbasert reiseliv. Knutepunktutvikling og satsing på eksisterande sentra er mellom strategiane for å nå målet. Det er vidare vedteke ein plan for fortetting av bustadar i Voss sentrum, Vangen.

Voss kommune meiner at den nye Hangursbanen vil ha stor betydning for utvikling av Voss, Voss som regionsenter og for tettstaden Vangen. Tiltaket finn støtte i kommuneplanen for Voss 2011-2022 der det heiter at produktutvikling er svært viktig for vidareutvikling av Voss som reisemål. Hovudmålet i planen er at *«Voss skal kvar dag heile året engasjere og begeistre sine gjester gjennom deltaking i sterke opplevingar, basert på vossanaturen, lokal kultur og tradisjon»*. Strategien for å nå dette er uttrykt slik: *«gode opplevingstilbod bygd på autentiske Voss og opplevingar i hjarta av Fjord Noreg»*.

Reiselivsplanen 2009-2017:

«Reiselivet på Voss har visjonære vekstmål på 3-4 gonger volumvekst og 5 gonger vekst i omsetjing innan 2017. Slike ambisjonar vil krevje 7000 nye senger.

I fylgje reiselivsplanen er talet på kommersielle senger i Voss kommune rekna ut til vel 3100 (1. januar 2008). Av desse er 1100 hotell senger. Resten er hytter, leilegheiter, fjellstover mm. Reiselivsstrategien peikar mellom anna på behovet for kompakt utvikling av eksisterande sentrum Vangen.

Regional næringsplan for Hordaland Fylke 2013-2017:

I næringsplanen blir mellom anna reiseliv trekt fram som ei vekstnæring. Det står «Som inngangsporten til Noregs mest attraktive reiselivsprodukt, Fjordlandskapet, har Hordaland gode føresetnader for å utnytte veksten i denne næringa, som på verdsbasis er blant dei næringane med sterkast vekst. For Hordaland fylkeskommune er det heilt avgjerande å skape gode rammetilhøve for desse næringane framover.

2 av 3 Hovudstrategiar er å stimulere til «meir entrepenørskap og innovasjon, samt sikre «ein velfungerande bergensregion og attraktive regionar».

Regionalplan for attraktive senter i Hordaland:

Vossevangen er i planen definert som regionsenter for omliggande kommunar. Frå Hordaland er kommunane Granvin, Ulvik og Eidfjord del av regionen. I praksis gjeld dette og for kommunane Vik og Aurland i Sogn. Sentra skal utviklast. Fylkeskommunen sin målsetnad er å bidra til at «sentra blir utforma slik at dei er attraktive å vere, bu og drive næring i». Av delmåla går det fram at sentrumsutvikling skal kvile på staden sin historie, særpreg og landskapstrekk. Vidare vil ein legge vekt på fortetting innan gangbar kjerne.

15.09.2015

Den nye Hangursbanen er eit tiltak som vil ha effektar som ligg godt innanfor måla i alle desse planane. Sjå oversikt under:

Samfunnsrekneskap for ny Hangursbanen

Bidragsytar	%-vis vekst	gjester	Vekst i omsetnad	vekst i årsverk lokalt	SUM
Vintergjester skianlegget	20 %	22 000	4 500 000 10 000	8	
Sommergjester Gondol		100 000	000	17	
Vekst i aktivitetsbedrifter	20 %	15 000 000	3 000 000	4	
Sum direkte effekt				28	28

I tillegg kjem effekten av hotellet som er planlagt i knutepunktet og vil bli utvikla som eit eige prosjekt uavhengig av Hangursbanen.

3 OM VOSS RESORT

Voss Resort AS blei etablert i 2007. Selskapet driv Voss Resort Fjellheisar, overnatting gjennom Voss Resort Bavallstunet, skiskule og skileige gjennom Voss Resort Skiskule og Skileige AS, eigedomsutvikling gjennom Voss Prosjektutvikling AS, hotellutvikling gjennom Vangen Hotell AS. Selskapet har 15 faste tilsette og vel 100 i vintersesongen. Aktiviteten til selskapet har bidrege med ei omsetning hjå underleverandørar på rundt NOK 100 mill per år dei siste 10 åra.

Voss Resort har avtaler med turoperatørar frå mange land. Dei viktigaste er Belgia, Danmark, England, Nederland og Tyskland. Nye båtruter til Bergen (Fjordline) og hyppige flyavgangar har ført til ei dobling i talet på vinterturistar kvart år dei siste 4 åra. Førehandsal viser at veksten vil halde fram for 2015/16 sesongen.

Selskapet har dei siste 15 åra utvikla og selt 450 fritidseigendomar. Det er investert 50 millionar i skisenteret berre dei siste 8 åra. Vel 110 000 skigjester vitjar anlegget kvar vinter. Talet på utanlandske gjester har auka sterkt dei siste 3 åra. Sommarstid leiger selskapet ut ca. 100 hytter med 600 varme senger. 80 % av 20 000 gjestedøgn sommarstid er utanlandske gjester.

Selskapet er ein aktiv medspelar i Destinasjon Voss, Fjord Norge og NCE-Tourism når det gjeld sal og marknadsføring av Voss regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Voss Resort har 90 års festekontrakt på ei hotelltomt på jernbanestasjonen. Ramma for hotellet på 200 rom er ferdig regulert. Sidan 2008 har selskapet arbeidd med å få godkjent regulering av den nye Hangursbanen.

Voss Resort vil bli hovudaksjonær i den nye Hangursbanen og stå ansvarleg for den operative drifta basert på ein leigeavtale.

Voss Resort har desse vektplanane for dei kommande åra:

- Ny Hangursbane frå knutepunktet til Hangurstoppen.
- Nytt område for nybyrjarar/born rundt Hangurstoppen.
- Tilrettelegginga av turveg med universell urforming

15.09.2015

- Vidare utvikling av skisenteret med heisar og nedfartar.
- Vidareutvikling av sommartilbodet med turveggar, tur stiar og sykkelstiar.
- Vidareutvikling av og tilrettelegging av områder for utøving av ekstremспорт.
- 200 000 skigjester vinteren 2020.
- Ferdigstille hytteområdet i Bavalen. 450 av 700 godkjende hytter er selde/ferdigstilt. Utviklingsarbeidet pågår for fullt.
- Nytt hotell med 200 rom er ferdig regulert på Voss jernbanestasjon. Voss Resort eig tomta.
- Utvikling av 300 – 400 nye varme senger i skisenteret innan 2017.

4 OM GONDOLEN

Hangursbanen, som blei bygd i 1963, har vore eit kjent landemerke for Voss. Banen blei beslutta nedlagt etter sommarsesongen 2015. Dette skuldast fleire forhold der dei vesentlege årsakene var omfattande vedlikehaldsarbeid, mangel på parkering ved nedre stasjon, liten kapasitet og plassering. Situasjonen rundt framtida til den gamle Hangursbanen har vore kjent ei stund og Voss Resort har brukt tida til å planlegge ein ny og framtidsretta gondolbane i det nye knutepunktet på Voss. Detaljreguleringsplanen blei endeleg godkjent av Fylkesmannen i brev av 24. august 2015.

Den nye Hangursbanen:

Lengd:	1849 meter
Kapasitet:	1500 per time kvar veg
Type:	3 S – Leitner Ropways
Kabiner:	13 gondolar a 35 pax per kabin
Pris:	190 millionar (avhengig av Eurokurs)
Plassering:	Ein integrert del av infrastrukturen i knutepunktet på Voss stasjon.

Det blir bygd ein restaurant med plass til 450 pax i samband med toppstasjonen. Banen vil ha heilårsdrift. Utover eit allereie godt utvikla tur- og stinett vil det rundt toppstasjonen bli utvikla turstiar for alle målgrupper/universelt tilpassa, områder for leik og aktivitet for born sommarstid og leik/nybyrjarområde vinterstid.

5 SAMFUNNSEFFEKT

A. Døme på god samspel mellom offentlege og private

Det nye Voss knutepunkt er blitt trekt fram som eit døme på godt samspel mellom grunneigarar, private utbyggarar og offentlege organ (Rapport om knutepunktsutvikling, Rom Eiendom/NHO 2015). Den nye Hangursbanen er blitt eit infrastrukturtiltak i det nye knutepunktet på Voss. Tiltaket er unikt i

15.09.2015

nordeuropeisk samanheng. Målet i knutepunktet om saumlaus overgang mellom tog, buss, taxi, sykkel og gondol er nådd.

B. Eit bidrag i det grønne skiftet

Tiltaket vil dempe transportbehovet og leggje til rette for eit effektivt kollektivt transportsystem. Born og unge på Voss vil ha enkel tilgang til fjellet sommar og vinter. Toget blir det mest effektive og miljøvennlege transportmiddelet for gjester frå Bergensregionen og andre områder aust for Voss som ligg langs Bergensbanen.

Hangursbanen vil bidra vesentleg til det grønne skiftet på Voss. Destinasjonen blir eit grønt reisemål, der transporten av skigjester går langs ein grøn akse frå Flesland/bybanen, via NSB til Voss. Offentlege kolektivtilbod vil bli den mest effektive måten å reisa til og frå Voss når du befinn deg langs Bergensbanen. Behovet for bil for å ta seg rundt mellom hotell, butikkar og fjellet blir minimalisert. Dette vil redusere biltrafikken på E16. Ei fortetting av husvære Bergen Sentrum/Arna og i Voss sentrum vil bidra ytterlegare til det grønne skifte.

C. Nedre stasjon eit signalbygg med særeigen arkitektur

Etter innspel frå Hordaland fylke og styringsgruppa for det nye knutepunktet er nedre stasjon av Hangursbanen utforma som eit signalbygg med særeigen arkitektur. Nyskapande arkitektur er viktig for å sikre gode buforhold og livsvilkår, og å møte klima – og miljøutfordringane. Huset er blitt eit konsept i seg sjølv og vil bli ein stor attraksjon i regionen. Bygget har ei form som stiller store krav til bæresystem/konstruksjon og er vesentleg dyrare per kvadratmeter å bygge enn meir normale bygg.

D. Kulturbærar – i 50 nye år

Den nye Hangursbanen vil bera vidare ein over femtiårs lang tradisjon med gondol som symbol for Voss. Tiltaket vil modernisere og styrke det omdømme Voss og indre Hordaland har som eit heilårs reisemål. Banen vil føre til at fleire gjester reiser kollektivt. Hotella vil få ein ny nær attraksjon å bruke i si marknadsføring. Tiltaket vil styrke rundreiseprodukt som «Norge i eit nøtteskall», Rallarvegen, Flåm og Flåmsbane. Det vil vidare gje rom for ei vidareutvikling av luftsportsmiljøet på Voss, samt stimulere til nye aktiviteter som stisykling og motivere fleire til rekreasjon ute.

E. Senterutvikling – ei styrking av Vangen

Gondolen vil vera viktig for utviklinga av Voss sentrum, Vangen. Grunnlaget for å drive næring i regionsenteret Vangen vil bli styrka og det vil bli meir attraktivt å busetje seg i sentrumsområdet.

Tiltaket fell saman med og vil styrke Voss kommune sitt mål om å utvikle fleire bustadar i sentrum.

15.09.2015

15.09.2015

Isolert sett vil tiltaket tilføre:

1. 28 nye årlege arbeidsplassar knytt til Hangursbanen på lang sikt
2. 147 nye årsverk når knutepunktet er ferdig utbygd med gondol og hotell.
3. ytterlegare 50 årsverk i byggefasen på 2 år
4. 25 000 nye skigjester vinterstid. Verdi kr 7 500 000,- per sesong
5. Kr 25 000 000,- i ny omsetnad på Voss per vinter.(snitt kr 1000,- per gjest)
6. 80 000 nye reisande i sommarhalvåret. Verdi kr 10 000 000,- per sesong
7. Kr 21 000 000,- i auka omsetnad i regionen. Kr 300,- per gjest
8. 30 000 nye cruiselunsjar
9. 15 000 nye «Norge i eit nøtteskall» gjester.

Grunnlaget for utrekningane framkjem av tabellen under:

Samfunnsrekneskap for ny Hangursbane - Nytt hotell

Bidragstypar	%-vis vekst	gjester	Vekst i omsetnad	vekst i årsverk lokalt	SUM
Vintergjester skianlegget	20 %	22 000	4 500 000	8	
Sommergjester Gondol		100 000	10 000 000	17	
Hotellet		73 000	64 000 000	107	
		15 000			
Vekst i aktivitets bedrifter	20 %	000	3 000 000	4	
Sum direkte effekt				135	135
Indirekte effektare-teneste		52	150 000	7 800 000	
Netto tilflytting		50	175 000	8 750 000	
Auka omsetning vare-teneste				16 550 000	
Nye årsverk handel-tenester			1 300 000	13	13
				147	
Samla netto sysselsetting					
1 årverk = kr 600 000 for reiselivet, (Verdiundersøking, Menon 2015.)					
1 årsverk = kr 1 300 000 for handel					147
Kortsiktig effekt (ikkje medrekna)					
Bygging hotell		25		25	
Bygging gondol		25		25	
SUM				50	197


6 UTBYGGINGSTEMPO

Arbeidet med det nye knutepunktet er starta opp. Det fysiske arbeidet, som krev koordinering på tvers av fleire etatar og selskap vil ta til i 2. kvartal 2016. Detaljplanlegginga omfattar ny terminal, ny gondol og skyss-stasjon for buss, bil, taxi og sykkel. Nytt parkeringsareal er opparbeidd nord for banen med direkte gangsamband til tog og buss, gondol og taxi gjennom kullverten.

15.09.2015

- Rom eigeendom står som tiltakshavar av knutepunktsterminalen med sykkelparkering
- Voss Resort står som tiltakshavar for nedre stasjon av den nye Hangursbanen
- Statens vegvesen står som tiltakshavar av buss- og taxihaldeplass og omgjerung av Hardangervegen frå stamveg til miljøgate. Vegvesenet har og ansvar for fortau og uteareal framfor gondol/terminalbygg.
- Progresjonen i dei ulike prosjekta blir styrt av ei styringsgruppe, der alle partar deltek. Detaljert framdriftsplan følger under.

Det er ein føresetnad at arbeidet med den nye Hangursbanen må starte seinast samstundes med utvikling av terminalbygget og før Statens vegvesen tek til med arbeidet for haldeplassen og gateløpa. Dette skuldast omfanget og kompleksiteten i fundamentet for gondolen sin nedre stasjon.



Tempoplanen for utvikling av knutepunktet krev at arbeidet med fundamentering av gondolen og etablering av 1. etasje i nedre stasjon gondol må start i 2. kvartal 2016. Dette arbeidet blir fase 1 for utvikling av den nye Hangursbanen og omfattar heile det nye terminalbygget i knutepunktet. Byggetid for fase 1 er berekna til 8 månader. Investeringa av fase 1 inklusive utviklingstiltak skissert ovanfor er utrekna til NOK 40 mill.

15.09.2015

Tentativ fremdriftsplan for Terminalbygget på Voss										
	2015					2016				
	August	September	oktober	November	Desember	Januar - Februar	Mars	April	September	Oktober
1	Forespørsel/bestillinger ark, PL etc									
2	Forprosjekt m/ aktuell prosjektering for rammesøk									
3	Rammesøknad									
4	RIB,RIV,RIE etc									
5	Utarbeide anbudsgrunnlag									
6	Tilbudsperiode									
7	Kontrahering, forhandlinger, kontrakt									
8	IG									
9	Riving									
10	Byggestart - byggeperiode									
11	Ferdigstillelse									

Fase 2 vil omfatte ferdigstilling av nedre stasjon over plattformnivå, bygging av 3 mastefeste, montering av master, bygging av toppstasjon, montering av berekablar og trekkablar, og tilpasning av gondolar. Bygging av fase 2 vil ta 1 ½ til 2 år. Ferdigstilling er planlagt 1 kvartal 2018.

Investeringa i fase 2 er utrekna til kr 129 605 000,-.

7 INVESTERING OG FINANSIERING

Kalkylene basere seg på tilbudsprisar frå ulike leverandørar. Det kan bli endringar i einssilde postar i det endelege budsjettet. Det er lagt ein buffer som dekker opp endringar i valutakurs, prisstigning, etc.

Investering

1. Forprosjektskostnader - Voss Resort

	<u>NOK</u>
Reguleringskostnader	1 000 000
Arbeidsinnsats	1 500 000
Detaljprosjekteringskostnader	1 000 000
Administrasjon - førebuing/samtykke konsesjon huseigarar	2 600 000
Tomtekostnad (toppstasjon)	2 000 000
Sum forprosjektskostnader	<u>8 100 000</u>

2. Hovudfag bygg-investeringa

Byggekost betong gondol		20 000 000
Gondol - forhandla fastpris (EUR)	14 000 000	8,60
Næringsbygg nedre stasjon		40 000 000
Toppstasjon gondol		7 500 000
Sum del-investeringar		<u>187 900 000</u>

3. Andre kostnader/buffer:

Byggefinansiering	115000000	5 %	5 750 000
Arbeidskapital (inkl. likv underskot år 1 og 2)		20 %	2 165 000
Buffer investering		10 %	18 790 000
Sum anna kostnader inklusiv buffer			<u>26 705 000</u>

Sum brutto investering (før sal næringsbygg og tilskot)

214 605 000

4. Seksjonering del av næringsbygg nedre stasjon

15.09.2015

Seksjonering - sal del næringsbygg stasjon (kvm)	-20 000 000
Sum investeringskostnad etter seksjonering	194 605 000

5. Tilskot - støtte

- Hordaland Fylkeskommune	-10 000 000
- Innovasjon Norge	-5 000 000
- skattefunn (30 MNOK gr.lag innvilga - 20% støtte)	-5 000 000
- Anna off.støtte	-5 000 000
Sum tilskot – støtte	<u>-25 000 000</u>
Sum investeringskostnad etter tilskot - støtte	<u>169 605 000</u>

Finansiering

Eigenkapital	52 500 000
Lån	117 105 000
	<u>169 605 000</u>

Merk: Voss Resort er inne med NOK 17, 5 mill i av EK)

Lån fordeling:

Leverandørkreditt	10 000 000
Innovasjon Norge -risikolån	17 673 000
Banksyndikat 1. pri	89 432 000
	117 105 000

8 DRIFT

Oversikten under baserer seg på eit normalt driftsår og inkluderer billettinntekter i gondolselskapet. Selskapet blir eit singel purpose selskap med non-profit formål. Dette fordi investeringa er 30-40 millionar kroner over det som ville gjeve investorar ei normal avkastning.

Driftsinntekter

Vinter	tal	2014 pris	pris	Sum
Skibill 100 % auke	6 000		180	1 080 000
Enkeltturar vinter	10 000		140	1 400 000
Sesongkort Gondolbanen	200	1500		300 000
Sommar (Mai-november)				
Norway in a Nutshell	30 000		80	2 400 000
Dropin individuelle/grupper/lag/KK	30 000		150	4 500 000
Cruise og TO marknaden	25 000		75	1 875 000
Sommarkort gondolbanen	300		1500	450 000
SUM GONDOL SOMMAR OG VINTER				12 005 000

15.09.2015

Prosjektet er svært viktig for utviklinga av Voss, men og svært samansett. Det er lagt opp til at Voss Resort AS skal vera den største bidragsytaren inn i selskapet og ta ansvaret for drifta gjennom ein driftsavtale med «Hangursbanen AS». Sidan tiltaket har så klare positive overrisslingseffektar til andre lokale, regionale og nasjonale selskap, kommune og region finn vi det naturleg at finansieringa blir sikra gjennom eit større spleiselag. Voss kommune har ikkje handsama saka politisk. Dette vil bli gjort i løpet av 4. kvartal 2015. På noverande tidspunkt har kommunen signalisert at vi er positive og ser på ulike løysingar som kan bidra til ei realisering av prosjektet.

9 PRODUKTUTFORDRINGAR

Planarbeidet avdekka raskt at arealet som var avsett til gondol i knutepunktet var for lite til å plassere inn ein standard gondol. Voss Resort utfordra heisleverandørane på å løyse utfordringa. Både Leitner og Doppelmayer/Garaventa kom fram med løysingar som kunne la seg realisere. Doppelmayer si løysing var kostbar og kom i konflikt med Skyss sine krav til busshaldeplassen. Leitner sitt forslag, som blei fremja gjennom deira norske partner Taubaneteknikk AS frå Voss, skisserte ei løysing som let seg realisere om visse utviklingstiltak blei iverksett. Utviklingstiltaka som måtte gjennomførast er skildra i «project description», Leite Ropeways, TD35 Voss, av 27.08.2014. Utfordringane er knyta til kryssing av jernbanen, avstand til jernbane, høgder og nivå i knutepunktet og avgrensa areal for plassering av nedre stasjon. Preliminære undersøkingar blei gjennomført for å skape vissheit i at utfordringane kunne løysast ved å utvikle eksisterande teknologi.

Utviklingsprosjektet, som starta i 2014 og vil bli slutført i 2016, har eit ramme på NOK 30 mill. Av desse er NOK 9 mill. teke over Voss Resort AS si drift i 2014. Resterande utgifter blir fordelt på 2015 og 2016.

Kostnadane er ein del av totale heiskostnader og går ikkje utover ramma som er skissert over.

10 SØKNAD

På dette grunnlag meiner me å ha dokumentert potensialet, kompleksiteten og verdien tiltaket har lokalt og regionalt og søker om NOK 5 000 000,- til dekning av prosjektkostnader i 2015 og kr 5 000 000,- i tilskot for bygging av fase 1 med anleggsstart 2. kvartal 2016.

Det vil vidare vert vidare søkt om kr 5 000 000,- i tilskot for utvikling av fase 2 med søknadsår 2017.

I den samla investeringa på NOK 214 605 000,- ligg Hordaland Fylkeskommune inne med eit tilskot på NOK 10 mill. Samla søknadssum vil etter dette blir NOK 15 mill over 3 år. Det er av avgjerande betydning for prosjektet at første fase oppnår støtte frå fylkeskommunen.

For nærare informasjon og utdjuing av søknaden ta kontakt med underteikna.

Med venleg helsing
Voss Resort AS

Øyvind Wæhle
Adm.dir

Sigbjørn Slåtten
Driftsdirektør